



Eventus

Barnehage AS

Årsplan 2022 - 2025

Del 2:

EVENTUS SOL-LI BARNEHAGE

PROFESJONALITET – RAUSHET – LIDENSKAP

Versjon: 2022

Foto av: Remi Kaldhusæter

Om barnehagen

Eventus Sol-li barnehage ligg sentralt til ved Prestaneset på Storebø i Austevoll kommune. Det er 5 avdelingar i barnehagen; Bitteliten(0-2år) og Lykkeliten(0-2år), Tussane(2-4år), Sprettan(2-4år), og ei fôrskuleavdeling - Friluftsgruppa(5-6år). Barnehagebygget vart ferdig stilt i 2014 og i 2019 vart det bygd på to småbarnsavdelingar.

Som psykisk-helsefremmende barnehage har me stort fokus på friluftsliv. Kvar dag ønskjer me å skape naturopplevingar og gje barna gode erfaringar som de tar med seg vidare i livet.

Avdelingane

Dei to småbarnsavdelingane heiter Bitteliten og Lykkeliten. Desse ligg meir avskjerma til frå resten av barnehagen, med eigen leikeplass og aktivitetar tilpassa små barn. Her vil barna få sitt første møte med barnehagen. Med dei minste barna arbeider vi mykje for å skape tryggheit i den nye kvardagen barnet har fått. Faste rutinar med forutsigbare aktivitetar er noko me prioritera tid på. Dette for at barna skal få oppleve forutsigbarheit i livet sitt. Barna veks og utviklar seg fort det første og andre leveåret, og det krevjast difor kontinuerlege justeringar for å tilpasse barna sin kompetanse og imøtekommme deira behov for utfordringar.

Mellomavdelingane våre er Tussane og Sprettan. Her vert det mykje fokus på å klare sjølv, meistring i leik og kvardagsliv, og ikkje minst gode relasjoner i sosialt samspel som dannar venskap. Barna vert meir utfordra i daglege aktivitetar og medverkar meir i resultatet av deira eigen barnehagekvardag. Vi tek barna oftare med ut på tur, gjerne òg i buss og bil slik at barna opplev meir variasjon og utfording tilpassa deira nivå.

Fôrskuleavdelinga vår heiter Friluftsgruppa. Som i namnet, er dei mest ute i fri luft og lærer mykje om korleis det er å være saman med naturen i det daglege. Friluftsgruppa brukar bussen og barnehagebilen flittig til forskjellige plassar der dei får gode opplevingar. På denne avdelinga har vi fokus på å utvikle barna sin kunnskap for å gje dei meir dypde i læringa. Vidare vert barna utfordra med fleire oppgåver der det krevjast samarbeid og skuleforberedande aktivitetar som for eksempel friminutt.



Vaksne og deira rolle i Eventus Sol-li

I Eventus Sol-li har vi cirka 30 tilsette; pedagogiske leiarar, barnehagelærarar, barne- og ungdomsarbeidrarar, pedagogiske medarbeidrarar, lærlingar, kokk, vaktmeister og dagleg leiar. Me tek samstundes imot studentar frå høgskulen på vestlandet og elevar frå skule i praksisperiodar.

Det viktigaste i barnehagen vår er personalet vårt. Det er dei som skal sørge for at barna har det bra og får eit godt læringsutbytte gjennom heile barnehagetida. Høg kompetanse og engasjement for at barn skal ha det bra meiner me har gode forutsetningar for å gje barnet best mogleg utvikling av sjølvfølelse, kompetanse, danning av venskap og evne til eigen læring. Ved å skape nære relasjonar, få felles gode opplevingar og meistring gjennom leik, læring og danning, vil vi legge eit godt grunnlag for barnet si evne til å tru på seg sjølve. Me trur på at eit kompetent og engasjert personale vil skapa ein god barnehagekvardag for barnet ditt.




Minibuss og båt

I Eventus Sol-li barnehage har vi barnehagebuss der det er plass til 16 barn. I barnehagen er det per haust 2022, tre tilsette som har minibuss sertifikatet. Det er i hovudsak de tre eldste barnegruppene som brukar minibussen og avdelingane har sine faste dagar med bussen per veke.

Bussen tek oss med overalt i kommunen. Slik får barna oppleve nye spanande plassar og får stor variasjon i område å utforska. Den gjer oss større moglegheiter til å oppleve naturen Austevoll kommune har å by på, òg gjer barna betre kjent i Austevoll. Barnehagen har i tillegg båt i båthamna rett nedanfor barnehagen. Vi brukar båten til å oppleve naturen frå sjøsida og gjer barna erfaring med båtliv, fiske og sjødyr. Våre tilsette har båtførarsertifikat og livredningskurs.

Leik, og leikens plass i vår barnehage.

I Eventus Sol-li anerkjenner me leiken som ein svært betydeleg del av barnet sitt liv og barndom. Me ser på leiken som barnet sin viktigaste læringsarena. Gjennom leiken får barna øve på og utvikle sosial kompetanse - ulikheiter vert utjamna og fellesskapet vert større. Gjennom å være ein del av leiken sitt fellesskap, vil barna få ei auka kjensle av å høyre saman og dermed auka sjølvfølelsen. Leik er noko barna sjølv ytrar at dei ønskjer å helde på med. Leiken bidrar til å forme oss som menneske og har gjerne ikkje noko mål utover seg sjølv.



Barna skal ...

- » ... Utvikle sin identitet og sjølvrespekt.
- » ... Oppleve glede, utfordringar og meistring gjennom leiken.
- » ... Bli involvert og delta gjennom leiken i fellesskap.
- » ... Få øve på og utvikle sosial kompetanse.
- » ... Lære.

Personalalet skal ...

- » ... Skape og finne gode leikemiljø inne og ute.
- » ... Delta i barna sin leik på ei støttande og utforskande måte.
- » ... Bidra til tryggheit for barna.
- » ... Sørge for at alle barn opplev å bli inkludert i barnehagekvarldagen.

Kva kjenneteiknar dei ulike lekemiljøene ...

1 – 2 åringens		3 – 6 åringens	
Inne	Ute	Inne	Ute
Toddlerleik, boltreleik, flytte og skyve ting, samle på leikar, tømme ut og fylle opp	sansing, utforsking, skape gode opplevelingar, bli kjent med nærmiljøet.	Samleik, Konstruksjon, rolleleik, bokstavleik, rimeleik, sangleik, teikning, perling mm.	Samleik, songleik, regel- leik, rollleik, Stor kontruksjonsleik, risikoleik, bevegelsesleik, sanseleik, utforskande leik – jordens elementer.

Kosthold og matlagning

I Sol-li ønsker me at barna skal få fersk, god og næringsrik mat gjennom barnehagekveldagen. Difor tilbyr me barna alle måltid om dagen; frukost, lunsj og fruktmåltid. Me har fokus på sunt kosthald og tek utgangspunkt i helsedirektoratet si rettleiing for kosthald i barnehagar. Me har eigen kokk som tilbereder varmlunsj fleire gongar i veka. Frukosten vår er "open" frå klokka 08.00-09.00, slik at flest mogleg barn skal få med seg måltidet i barnehagen. Me lager òg mat ute og på bål. Dette for å gje barna erfaringar med matlagning utanfor kjøkenet.

Små kroppar i stor utvikling treng god og næringsrik mat!

Gjennom arbeid med mat og måltid skal barna ...

- » ... Få moglegheit til å smake på forskjellig mat og matkombinasjonar.
- » ... Få delta i matlagning, forberedelsar til måltid og rydding av måltid.
- » ... Oppleve å produsere og fange mat
- » ... Lære om maten sitt opphav - Frå jord til bord.
- » ... Oppleve glede ved mat og måltid

Gjennom arbeid med mat og måltid skal personale ...

- » ... Skape undring, nysgjerrigkeit og glede i utforsking av forskjellig mat
- » ... La barna få delta i matlagningsprosessar ... Bidra til tryggheit for barna.
- » ... Støtte og rettleie barna gjennom måltid.
- » ... Gje barna forståing for kvar maten kjem frå, og kva ressursar som er brukt for at maten er spiseklar for oss menneske.
- » ... Skape gode og trivelige måltid

ReKomp – utviklingsprosjekt 2021-2023

Eventus Sol-li barnehage har eit pågående utviklingsprosjekt som skal arbeidast med dei neste åra. Det er ein regional ordning for kompetanseutvikling i barnehagen gjennom utdanningsdirektoratet og Høgskulen på Vestlandet. Regional ordning skal bidra til at barnehagen utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseheving. I vår barnehage skal prosjektet handle om friluftsliv, leken i natur, og korleis dei vaksne ivaretak leiken saman med barna.

Det er ei gruppe på sju ansatte som tileigner seg meir kunnskap om temaet gjennom litteratur, kurs og møter for å drive utviklingsprosjektet vidare. Dei har jamleg kontakt med Høgskulen på Vestlandet for rettleiing og inspirasjon til litteratur, forskningsartiklar og kurs. Gjennom prosjektet skal denne gruppa være pådrivar for utviklinga og rettleie resten av personalet i kunnskapen dei tileigner seg, der målet er å utvikle felles kompetanse.



Bærekraftig utvikling i vår barnehagekontekst

Sosial og kulturell bærekraft

«Sosial kompetanse handlar om å kunne kommunisere og samhandle godt med andre i ulike situasjonar. Denne kompetansen er sentral for at enkeltbarnet skal bli lykkast og trivast, og for at barnet skal bli verdsett som ven og likeverdig deltakar i samspelet med andre barn. Eit barn som samhandlar godt med andre, kan både tilpassa seg fellesskapet og være ein synleg deltakar som hevder sin plass.» (udir.no)

«Barnehagen sin visjon er klar og visar til barnehagen sitt verdigrunnlag. Barnet si tid i barnehagen legg eit viktig grunnlag for korleis barnet sin livshistorie vil sjå ut. Barnehagen ønskjer å gje barnet anledning til å danne nære relasjonar, få gode opplevingar og kjenne meistring gjennom leik, læring og danning i eit stort bilete. På den måten legg barnehagen eit godt grunnlag for barnet si evne til å tru på seg sjølv og til å få utvikla eit godt sjølvbilete»

I Eventus Sol-li hjelper me barna til å være i, forstå og erfare gode sampselsituasjonar frå første dag. Ved samtalar, erfaringar, leik, litteratur og rettleiing, skal barna oppleve å sette eigne grenser, og få rettleiing i å respektere andre sine grenser. Barna skal utvikle sin empati og lære å ta andre menneskjer sine synspunkt. Barna skal rettleiast til å bruke dialog for å finne løysningar i konfliktsituasjonar.

For å oppnå dette skal barna ...

- ... Barna skal utvikle ferdigheter, kunnskaper og holdninger gjennom sosialt samspel.
- ... erfare å være betydningsfulle for fellesskapet.
- ... erfare å ivareta eigne og andre sine behov
- ... erfare å fremme sine synspunkt
- ... Utvikle og erfare venskap og sosial tilknytning

For å oppnå dette skal personale ...

- ... Sørge for at alle barn skal kunne erfare og være betydningsfulle for fellesskapet
- ... Støtte barns initiativ til samspel og bidra til at alle kan få leike med andre.
- ... Støtte barna i å ta andres perspektiv, sjå ein sak frå fleire synsvinklar og reflektere over eigne og andres følelsar, opplevelsar og meiningsar.
- ... Forebygge, stoppe og følgje opp diskriminering, utesettenging, mobbing, krenkelsar og uheldig samspelmönstre.
- ... Utjevne sosiale forskjeller

Økonomisk bærekraft

Dette handlar om barna si tidege forståing av økonomi, forbruk og pengeverdi. I Eventus Sol-li ønskjer me at barna skal lære om og oppleve verdien av pengar, forbruk, resirkulering og gjenbruk.

For å oppnå dette skal barna ...

- ... få forståing for korleis menneske sitt forbruk påverkar naturen
- ... få erfare resirkulering og gjenbruk
- ... få moglegheita til å lære om pengeverdi

For å oppnå dette skal personale ...

- ... Gje barna erfaringar med å nyttiggjere noko gjennom gjenbruk
- ... Gje barna innføring i resirkulering og hensikta med å sortere søppel.
- ... Skape opplevelingar som viser barna pengeverdi.
- ... Fremme økonomisk forståing hos barna.



Økologisk bærekraft

Dette handler om utdanning i naturen, og ser vi det i sammenheng med barnehagen som lærende organisasjon handler økologisk bærekraft om barnas lek og utforskning i naturen.

For å oppnå dette skal barna ...

- » ... delta i å klargjøre grønsakkassar med jord, så frø og sørge for at plantane har det bra (Frå jord til bord i kjøkkenhagen).
- » ... hauste inn grønsaker samt bær og frukt frå tilgjengelege område, som dei produserer mat og drikke av.
- » ... få lære om sortering av søppel og avfall; bio, plast, glas/metall og rest, og kva hensikta med dette er.
- » ... få lære om korleis vi kan bruke ressursane eit avfall har til å bli til noko anna som er nyttig.

For å oppnå dette skal personale ...

- » ... Gje barna anledning til å stille spørsmål, reflektere og lage eigne forklaringar på problemstillingar.
- » ... Gje barna Opplevingar og la barna få utforske naturen og naturens mangfold
- » ... Gje barna kjennskap til naturen og berekraftig utvikling
- » ... Utforske og eksprimentera med teknologi og naturfenomener saman med barna

Godt styresett

For å oppnå dette skal barna ...

- » ... reflektere over egne handlinger og væremåter
 - » ... lære å bli et selvstendig individ
 - » ... få medvirke i barnehagens arbeid
 - » ... få eierskap til egen læring
-

For å oppnå dette skal personale ...

- » ... Gi rom for barns medvirkning i barnehagekvardagen
 - » ... Skape toleranse og aksept for ulikheter
 - » ... Tilrettelegge for selstendige tanker og handlinger hos barnet
 - » ... Ivareta barneperspektivet
 - » ... Anerkjenne barna som "agenter for endring", og legge til rette for at barna får eierskap til egen læring.
-

Barnehagens møte med naturen som lek- og læringsarena

Borna i Sol-li skal få oppleve det Austevoll har å by på av naturopplevelingar, og vi er glade i variasjon. Som resten av Eventus har Sol-li ekstra fokus på natur- og friluftsliv. Vi har kort veg til både strand, båt, skog og dyreliv. Næraste nabo er ein park som heiter Vikinghaugen. Her har vi bålhus, vikingstatue, vikingskip og ei heilt ekte vikinggrav. Tett til uteleikepllassen vår har vi ein dal med skog og lavo, der barna får utfolde seg godt i ulendt terreng og leike i naturen. Barnehagen har eigen barnehagebuss, turbil og båt. Me tek difor med oss dei største barna til andre turdestinasjonar i kommunen for å gje barna variasjon i ulike turmål og naturterreng og kjennskap til sjøen.

«Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremmer evna til å orientere seg og være i naturen til ulike årstider» (Rammeplanen 2017, s. 52).

Turløyper	Fjell	Skog, strand mm.
Mjuken	Loddo	Åsen
Skiparvikløypa	Kongsen	Stranda i Gråsidalen
Inger-Annes's veg	Veten	Hauglandsvågen
Vinnevatnet	Rabbafjellet	Vasseie
Skansen		Vikinghaugen
Leif-Magne-løypa		SFO-skogen
Globen		Postskogen
		Hauglandsbarnehagen



Gjennom turane i nærområdet og turane lenger vekk vil barna mellom anna ...

- » ... Få oppleve mestringeskjensle
- » ... Sjå og oppleve mykje av ulik og unik natur som Austevoll har å by på
- » ... Øve motorisk i ulikt terrengr
- » ... Hjelpe kvarandre
- » ... Oppleve noko saman, få felles opplevingar
- » ... Utvikle eller vidareutvikle turglede

Ofte vert det heildagsturar, og då lagar barn og vaksne mat ute eller tek med. Hengekøy er vert ofte teke med på tur, og barna kan kvile i dei når dei treng det.

- UT PÅ TUR, ALDRI SUR -

Årshjul

Eit årshjul er ei oversikt over barnehageåret og kva tema barnehagen skal arbeide med gjennom året. I starten av barnehageåret har alle avdelingane fokus på tilvenning og overgangar. Barna får tid til å komme inn i nye rutiner, møte venner, nye barn og personale.

Felles i årshjulene er at vi jobbar med sesongbaserte aktivitetar gjennom friluftsliv. Vi utnyttar endringane i naturen og skaffar oss kunnskap om dette. Barnas medverknad er viktig i prosessen heile året så vi legger til rette for at barna skal få medvirke i planlegging, gjennomføring og resultat av aktivitetar. Det kan dermed innimellom bli endringar i tema og gjennomføring.

Alle avdelingane har forskjellige hovedfokus på årshjulet sitt, men eit felles område er at vi alle kjem til å være mykje ute, mykje på tur og få mange gode opplevingar som gjer et godt grunnlag for vidare danning. Avdelingane sine årshjul vert delt med føresatte gjennom mykid.

Viktige datoer

Veve 38	Brannvernveke
Oktober	Haustfest
September/oktober	Foreldremøte
13. desember	Luciafest
16. desember	Nisselfest
6. februar	Samefolkets dag
24. februar	Karneval
mars	Barnehagedagen
31. mars	Påskefrukost
16. mai	17. mai – feiring
Juni	Sommerfest

Notater

